

## Notat

**Til:** Kontrollutvalet

**Frå:** Fylkesrådmannen

### Status- Oppfølging av rapport om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkesrådmannen viser til sak 29/18 der utvalet ber om ny status i forbetningsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på tiltaka som er gjennomført.

Det er i saka gjort greie for oppfølginga av følgende punkt:

- Koordinering på systemnivå
- Auka samhandling om arbeidstilbod
- Lærings- og delingsarena
- Vidareutvikle vg3 i skule
- Auka satsing på grunnkompetanse
- Førebygging i skule
- Psykisk helse

Vidare følgjer status for dei einskilde punkta.

#### Koordinering på systemnivå

Fylkesdirektøren vil syte føre god koordinering på fylkesnivået med kommunale og statlege tenester.

Ansvar: fylkesdirektøren

Koordineringa på fylkesnivå skal legge til rette for at rektorane ved dei vidaregåande skulane kan etablere gode system lokalt. Døme på korleis rektor kan løyse dette er m.a. «nærversteam».

Ansvar: rektorane

*Status: Fylkesdirektøren gjennomfører jamlege samarbeidsmøter med statlege og kommunale tenester der samarbeid om elevar med samansette vanskar er tema. Til dømes blir det årleg gjennomført samarbeidsmøte med BUP og NAV og dialogmøte med kommunane og PPT. Det er også eigne rutinar for samarbeid mellom NAV og dei vidaregåande skulane. (vedlegg 1)*

*Alle skulane har etablert system for samhandling med statlege og kommunale instansar.*

#### Auka samhandling om arbeidstilbod

Rektor skal lage rutinar for arbeidet med å skaffe arbeidstilbod til ungdom som er under oppfølging av OT. Rektor skal årleg kalle inn samarbeidspartane for å evaluere, vidareutvikle og systematisere arbeidet.

Ansvar: rektor

**Status:** Rektorane ved dei vidaregåande skulane har etablert rutinar for å auke tilgangen på arbeidstilbod for elevar som er i oppfølging av OT.

### Lærings- og delingsarena

Rektor skal legge til rette for deltaking i eit fylkesdekkande nettverk for oppfølgingstenesta. Nettverket skal fungere på lik line med dei fylkesdekkande nettverka i faga, og vere leia av ein rektor. Ansvar for nettverket skal gå på omgang mellom rektorane som har ansvar for oppfølgingstenesta.

Ansvar: rektor

**Status:** Eige nettverk, etter mal frå fylkesdekkande fagnettverka, er under planlegging.

Nettverket vil bli leia av rektor ved ein av dei vidaregåande skulane.

### Vidareutvikle vg3 i skule

Fylkesdirektøren oppnemnte i 2017 ei arbeidsgruppe som har kome med tilrådingar til utvikling av vg3-tilboda. Fylkesdirektøren er no i ferd med å implementere endringar i inntak, tilbod og gjennomføring av vg3-tilboda for skuleåret 2018-19.

Ansvar: fylkesdirektøren

**Status:** På bakgrunn av tilrådingane til arbeidsgruppe har fylkesdirektøren utarbeida nye rutinar for vg3 i skule. Endringane under innføring.

### Auka satsing på grunnkompetanse

Fylkesdirektøren oppnemnte i 2017 ei arbeidsgruppe med representantar både frå fylkeskommunen og NAV som skulle kome med tilrådingar til endringar av lærekandidatordninga. Med bakgrunn i arbeidsgruppa sine tilrådingar er fylkesdirektøren no i ferd med å implementere endringar i ordninga, jf. notat til hovudutval for opplæring 15.02.18.

Hovudutval for opplæring vedtok i sak 5/18 korleis praksisbrevordninga skal vere i Sogn og Fjordane.

Ansvar: fylkesdirektøren

**Status:** Fylkesdirektøren har innført ordninga opplæringsavtale (OLA) og utarbeidd rutinar for dette. I samband med denne innføringa er skulane, OT og opplæringskontora informert om OLA og grunnkompetanse. Slik har ein i større grad skapt ei felles forståing for lærekandidatordninga og kven som er aktuell for den.

### Førebygging i skule

Dei vidaregåande skulane skal syte føre at elevar som stryk eller manglar karakterar i fag får oppfølging, slik at dei så raskt som råd får vurderingsgrunnlag i faget.

Ansvar: rektor

**Status:** Rektorane ved dei vidaregåande skulane har etablert rutinar for oppfølging av elevar som stryk eller manglar karakterar i fag.

### Psykisk helse

Psykisk helse er eit av satsingsområde i handlingsprogrammet til dei nye måla og strategiane i «Mot nye høgder» og vil bli følgt opp med handlingar.

Ansvar: Fylkesdirektøren og rektorane

**Status:** Handlingsprogrammet er følgt opp med mellom anna kompetanseheving på skulane om §9a, elevane sitt læringsmiljø. Arbeidet med drømmeskulen og nærværsteam held fram. To nye skular har etablert drømmeskulen. Fylkesdirektøren ser at fleire elevar slit med psykiske plager og ser på løysingar for kompetanseheving for lærarane. Fylkesdirektøren er også i ein prosess der det blir sett

*på løysingar for å starte eit tilrettelagt opplæringstilbod for ungdom utanfor opplæring, etter modell produksjonsskule. Fylkesdirektøren nyttar nasjonale prosjektmidlar til ei prosjektstilling for oppfølging av arbeidet med psykisk helse.*